

Prosjektet Biblioteket – ein trygg møteplass?

Møre og Romsdal fylkeskommune v/fylkesbiblioteket vart i 2018 tildelt midlar frå Nasjonalbiblioteket til det to-årige prosjektet «Biblioteket - ein trygg møteplass?». Prosjektet tok utgangspunkt i masteroppgåva «[Der ingen ville se at så mye kunne skje](#)» av Anne Clementz og Cecilie Røe. I tillegg til midlane frå Nasjonalbiblioteket, gjekk også fylkeskommunen inn med 100 000 kr. Prosjektet har vore eit nybrottsarbeid innan bibliotekfeltet, og det har blitt utvikla ei digital verktøykasse for konflikthandtering i samarbeid med Nasjonalbiblioteket, eit verktøy som kan nyttast av alle bibliotektilsette nasjonalt. Verktøykassa vart lansert i mars 2020, og finnast [her](#).

Målet med prosjektet var i utgangspunktet å utarbeide ein kursmal og rettleiande retningslinjer som kunne nyttast av bibliotek i heile landet. Det vart oppretta ei arbeidsgruppe med tre representantar frå fylkesbiblioteket og tre representantar frå biblioteka i Møre og Romsdal, biblioteksjefane i Kristiansund, Sunndal og Volda. Det vart og oppretta ein [prosjektblogg](#) der ny informasjon om prosjektet vart lagt ut, og fungerte som ein stad der lesarane kunne komme med innspel og kommentarar undervegs.

I arbeidet med å kome fram til sluttproduktet hadde arbeidsgruppa to workshopar med ei ressursgruppe. I gruppa satt representantar frå Bibliotekarforbundet, Fagforbundet og Norsk bibliotekforening, samt 12 representantar frå følgjande bibliotek:

- Arendal bibliotek
- Asker bibliotek
- Bergen offentlige bibliotek
- Deichmanske bibliotek
- Haugesund folkebibliotek
- Moss bibliotek
- Sandefjord bibliotek
- Tidlegare Sørumsund bibliotek
- Trondheim folkebibliotek
- Tønsberg og Færder bibliotek
- Ullensaker bibliotek
- Ålesund bibliotek

På første workshop 30.-31. oktober 2018 vart det forelese om juridiske spørsmål rundt konflikthandtering i biblioteka. Vi fekk også høyre om deeskalering av situasjonar, handtering av truande situasjonar som har oppstått, samt psykiatri og fenomenkunnskap om ulike diagnoser. Vi lærte også om korleis ein fysisk kan legge til rette for trygge og sikre møteplassar i bibliotekrommet. Foredragshaldarar desse dagane var juridisk avdeling i Møre

og Romsdal fylkeskommune, prest og foredragshaldar John Sylte, Karl Yngvar Dale frå Høgskolen i Molde og miljøpsykolog Aga Skorupka.

Andre workshop vart gjennomført 9.-10. januar 2019. Eit viktig tema denne gongen var korleis ein varetek barn og unge i biblioteket. I tillegg fekk vi informasjon om tiltaksplanar og kunnskap om det offentlege hjelpeapparatet. Vi fekk også høyre om fleirkulturell kommunikasjon og forståing, og erfaringar og fordelar med bruk av VR-briller som kompetanseverktøy i opplæring. Foredragshaldarar desse dagane var Johnny Sandaker frå SIM Innlandet, Hanne Blomfeldt og Rita Parnas frå Oslo politidistrikt, Kristine Gamlund i barnevernstenesta og Gunhild Thunem frå NTNU Ålesund.

Begge workshopane var prega av mykje gruppearbeid, diskusjonar og idemyldringar, og tilbakemeldingane tok arbeidsgruppa med seg inn i det vidare arbeidet. Både den interne arbeidsgruppa og ressursgruppa var med på begge workshopane. Gjennom arbeidet med ressursgruppa vart det konkludert med at biblioteka er ulike og møter så ulike utfordringar at det ikkje var hensiktsmessig å prøve utvikle ein kursmal som skulle passe alle. Vi søkte difor Nasjonalbiblioteket om omdisponering av midlane, til utvikling av ei digital verktøykasse der biblioteka sjølve kan velje informasjon ut frå den situasjonen dei er i der og då.

Nasjonalbiblioteket ønska at den digitale verktøykassa skulle ligge på bibliotekutvikling.no, og valde ut verktøykassa vår som eit prøveprosjekt for vidareutvikling av eigen kunnskapsbase på bibliotekutvikling.no. Vi fekk kome med innspel til korleis sida burde utviklast når det kom til både funksjonar, innhald og oppsett. Nasjonalbiblioteket har stått for teknisk løysing, mens fylkesbiblioteket har jobba med innhaldet.

Innhaldet på workshopane vart vinkla inn mot bibliotekfeltet, og alle temaa var ønska inn i verktøykassa. Vi spurte difor foredragshaldarane om dei kunne bidra med ein tekstversjon av foredraga dei heldt. I tillegg kontakta vi fleire som ikkje var med på workshopane for å supplere nokre av temaa og få dekt eit par område som ikkje var omtala. Oversikt over alle bidragsytarar ligg i verktøykassa.

Verktøykassa er inndelt etter tematikk. Alle tema har eit teoretisk innhald og tips og råd. Det er utarbeida caser og scenario som er basert på hendingar vi har høyrd gjennom arbeidet. Det er tenkt at scenarioa og fagtekstane kan brukast på til dømes personalmøte, nettverksmøte eller leiarsamlingar. Tematikken set i gong mykje diskusjon, noko som er viktig i arbeidet med å førebygge.

Malane som er utarbeida er veldig dekkande, så kan det enkelte bibliotek tilpasse det etter behov. Det er oppretta ei forumgruppe på bibliotekutvikling.no, som det er lenka til frå sida. Mens resten av sida er ope for alle, krev forumet pålogging slik at denne er berre for bibliotektilsette. Forumet erstattar prosjektbloggen vi hadde under prosjektarbeidet, og her kan interesserte kome med spørsmål, kommentarar og innspel til innhald.

Undervegs i prosjektet og etter at verktøykassa vart ferdig, har vi reist rundt for å halde foredrag. Vi har vore fleire gonger på OsloMet og forelest for tredjeårsstudentane. Vi har også hatt foredrag for bibliotektilsette i Bodø, tidlegare Sogn og Fjordane, Arendal og i Møre og Romsdal. I desember 2021 skulle vi ha eit foredrag for bibliotektilsette i Vestland fylke, men på grunn av covid-19 vart arrangementet avlyst og ein vil sjå på moglegheita for å gjennomføre dette på eit seinare tidspunkt. Til rest på budsjettet står det att omlag 31 871 kroner, som vi har fått innvilga til reising i samband med kommande foredrag.